

# Skolemiljøutval

Rettleier til  
medlemmene





# Innhald

<b>1</b>	<b>INNLEIING</b>	
1.1	Kva er eit skolemiljøutval? .....	s 4
1.2	Kvifor delta i skolemiljøutvalet? Korleis kan DU medverke til at skolekvardagen blir betre? .....	s 5
<b>2</b>	<b>KVA FOR OPPGÅVER HAR EIT SKOLEMILJØUTVAL?</b>	
2.1	Ta aktivt del i arbeidet for å skape eit godt skolemiljø og uttale seg i alle saker som gjeld skolemiljøet .....	s 6
2.1.1	Kva er eit godt fysisk skolemiljø? .....	s 7
2.1.2	Kva er eit godt psykososialt miljø? .....	s 7
2.2	Korleis kan utvalet medverke til å skape eit godt skolemiljø på DYKKAR skole? .....	s 7
2.3	Kva for oppgåver har ikkje eit skolemiljøutval? .....	s 8
<b>3</b>	<b>SAMANSETJING AV SKOLEMILJØUTVALET</b>	
3.1	Grunnskolen .....	s 9
3.1.1	Samarbeidsutvalet som skolemiljøutval .....	s 9
3.1.2	Saker som er omfatta av lovfesta teieplikt .....	s 10
3.1.3	Val av medlemmer .....	s 10
3.1.4	Rektors rolle .....	s 10
3.1.5	Kva dersom representantar ikkje møter? .....	s 10
3.2	Vidaregåande skole .....	s 11
3.2.1	Skoleutvalet som skolemiljøutval .....	s 11
3.2.2	Også elevane har teieplikt .....	s 11
3.2.3	Val av medlemmer .....	s 11
3.2.4	Rektors rolle .....	s 11
3.2.5	Kva dersom representantar ikkje møter? .....	s 11
<b>4</b>	<b>SKOLEMILJØUTVALET SIN RETT TIL Å FÅ INFORMASJON</b>	
4.1	Når skal skoleleiinga informere skolemiljøutvalet? .....	s 12
4.2	Kva for saker om elevane sitt skolemiljø kan skolen ikkje informere om? .....	s 12
<b>5</b>	<b>DØME PÅ EIT GODT UTVIKLA SKOLEMILJØUTVAL</b>	
5.1	Presentasjon og opplæring .....	s 13
5.2	Korleis ta vare på kunnskap i skolemiljøvalet? .....	s 13
5.3	Organisering av skolemiljøutval – døme på årshjul, møtekalender, sakliste for møta og oppgåver .....	s 13
<b>6</b>	<b>RESSURSAR</b> .....	s 15



# 1. Innleiing

---

## 1.1 Kva er eit skolemiljøutval?

Skolemiljøutvalet skal arbeide for å auke deltakinga frå elevane, foreldra, skolen og dei tilsette i arbeidet med skolemiljøet. Elevar og foreldre skal vere i fleirtal i utvalet. Utvalet skal gi råd til skolen i arbeidet med skolemiljøet, men har ikkje rett til å gjere bindande vedtak. Skolemiljøutvalet kan òg be skolen setje inn tiltak for å betre det fysiske og det psykososiale miljøet på skolen.

Alle grunnskolar og vidaregåande skolar har plikt til å ha eit skolemiljøutval. Elevar og foreldre har ein rett til å bli høyrte! Denne rettleiaren skal hjelpe skolemiljøutvalet til å gjere ein best mogleg jobb.



## 1.2 Kvifor delta i skolemiljøutval? Korleis kan DU medverke til at skole- kvardagen blir betre?

Du som elev eller forelder kan gjere ein forskjell!

I skolemiljøutvalet skal de sikre at elevar og foreldre får auka innverknad på skolekvardagen. Som representant i skolemiljøutvalet blir det mogleg for deg som forelder å påverke dagen til sonen din eller dottera di. Som elev kan du vere med på å skape din eigen kvardag. Utan tilbakemeldingar frå deg som er elev, er det vanskeleg for rektor og dei tilsette å gjere skolen best mogleg.

Du som forelder har rett til å

- bli informert om rolla og oppgåvene til skolemiljøutvalet, slik at det blir mogleg for deg å påverke skolekvardagen til barnet ditt
- få løpande informasjon om alle tilhøva som har mykje å seie for skolemiljøet, som alvorlege valdsepisodar, dårlege sosiale tilhøve eller luftkvaliteten i klasserommet

- uttale deg, komme med forslag og stemme i saker som gjeld skolemiljøet
- delta i planlegginga og gjennomføringa av det systematiske arbeidet med helse, miljø og tryggleik ved skolen

Du som elev får rett til å

- få informasjon, uttale deg, komme med forslag og stemme i saker om skolemiljøet
- vere med når skolen lagar planar for helse, miljø og tryggleik på skolen
- seie kva du meiner om det som kan gi eit godt miljø på skolen din
- få vite kva skolemiljøutvalet er, og kva det gjer, slik at du kan medverke til at elevane får ein så god skolekvardag som mogleg
- vere med på møta med skoleleiinga, der di stemme skal bli høyrd

### **Regelverket for grunnskolar**

Ved kvar grunnskole skal det vere eit skolemiljøutval.

I skolemiljøutvalet skal elevane, foreldrerådet, dei tilsette, skoleleiinga og kommunen vere representerte.

Skolemiljøutvalet skal vere samansett slik at representantane for elevane og foreldra til saman er i fleirtal.

(opplæringslova § 11-1a)

### **Regelverket for vidaregåande skolar**

Ved kvar vidaregåande skole skal det vere eit skolemiljøutval.

I skolemiljøutvalet skal elevane, dei tilsette, skoleleiinga og fylkeskommunen vere representerte.

Skolemiljøutvalet skal vere samansett slik at representantane for elevane er i fleirtal.

(opplæringslova § 11-5a)



## 2. Kva for oppgåver har eit skolemiljøutval?

### 2.1 Ta aktivt del i arbeidet for å skape eit godt skolemiljø og uttale seg i alle saker som gjeld skolemiljøet

De som sit i eit skolemiljøutval, har eit særleg ansvar for å halde dykk orientert om og gi råd til skolen om det fysiske og psykososiale miljøet. Rektor har ikkje plikt til å følgje råda dykkar. De kan også gi skolen forslag til tiltak dersom de ønskjer at tilhøva skal bli betre. De i skolemiljøutvalet bør vere opptekne av å gjere skolemiljøet så godt som mogleg og førebyggje eit dårleg miljø.

#### **Elevane sine rettar og skolen sitt ansvar**

*«Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.» (opplæringslova § 9a-1)*

Alle på skolen har eit felles ansvar for å syte for eit godt skolemiljø. Det er viktig at skoleleiinga, dei tilsette, foreldra og elevane snakkar saman om korleis dei saman kan skape eit best mogleg miljø.

Kommunen som eig grunnskolane, og fylkeskommunen som eig dei vidaregåan-

de skolane, har eit særleg ansvar for at krava i opplæringslova og forskriftene blir oppfylte. Krava finn du i opplæringslova § 13-10.

#### **Utvalet kan be om tiltak**

Utvalet kan på vegner av elevar og foreldre be skolen om tiltak for å betre skolemiljøet og be om at skolen følgjer opp tiltaka. Det kan gjelde planar og system som skolen har, eller problem med miljøet til ei gruppe elevar, eit heilt klassemiljø eller heile skolemiljøet.

Dersom det gjeld eit konkret tilfelle av til dømes mobbing, må oppmodinga komme frå eleven sjølv eller foreldra til eleven, eventuelt ein som gjer det på deira vegner.

Dersom skolemiljøutvalet ber om tiltak på vegner av fleire elevar og foreldre, må utvalet presisere kva for bestemte personar det gjeld, eventuelt om de ber om tiltak for planar og system på skolen.

Utvalet bør be om tiltak skriftleg. For å fremje rettstryggleiken til elevane skal skolen behandle oppmodinga om vedtak etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Dersom skolemiljøutvalet ikkje er nøgde med skolen sitt enkeltvedtak, eller skolen ikkje gjer eit enkeltvedtak innan rimeleg tid, har utvalet rett til å klage.

Klagen på enkeltvedtaket skal skrivast til Fylkesmannen, men sendast til skolen. Først skal skolen eller skoleeigaren behandle saka på nytt. Dersom skolen eller skoleeigaren ikkje gir utvalet medhald, skal dei sende klagen vidare til Fylkesmannen så raskt som mogleg.

Utdanningsdirektoratet har laga ein mal for korleis eit skolemiljøutval kan be om tiltak. Den kan de laste ned på

[www.udir.no/skolemiljoutvalg](http://www.udir.no/skolemiljoutvalg)

### 2.1.1 KVA ER EIT GODT FYSISK SKOLEMILJØ?

Det fysiske skolemiljøet omfattar både inne- og utemiljøet på skolen. Her er nokre døme på eit godt fysisk skolemiljø:

- Lystilhøva i undervisningsromma og gangane må vere gode.
- Det må ikkje vere for mykje støy.
- Det må ikkje vere for varmt eller for kaldt innandørs.
- Lokala der elevane oppheld seg, skal vere reine og hygieniske.

- Lufta skal vere god å puste i.
- WC og dusjar skal ha god standard og hygiene.
- Tilhøva både ute og inne skal vere utforma slik at risikoen for at elevane kan skade seg, er liten.
- Ute- og inneområda skal gjere det mogleg for alle elevane å vere fysisk aktive utanom undervisningsromma.
- Det skal vere tilgang til reint drikkevatt utanom toaletta.
- Det skal vere gode rammer rundt skolemåltidet.

Utemiljøet omfattar også mellom anna utforminga av uteareal og leikeapparat.

Skolen skal arbeide systematisk og gjennom heile året for å fremje helse, miljø og tryggleik for elevane. Det inneber at skolen ikkje berre skal kontrollere at miljøet er bra, men at dei skal gjere noko når det er nødvendig. Dette blir kalla internkontroll, og reglane finn du i opplæringslova § 9a-4.

Regelverket for det fysiske miljøet kan du mellom anna finne i opplæringslova § 9a-2 og i forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skolar m.v. Skolen må kunne dokumentere at det fysiske miljøet tilfredsstiller krava i forskrifta.

### 2.1.2 KVA ER EIT GODT PSYKOSOSIALT MILJØ?

«Skolen sitt psykososiale miljø» handlar om korleis tilsette og elevar oppfører seg mot kvarandre på skolen. Skolemiljøet skal fremje helse, trivselen og læringa til elevane. Ingen elevar skal bli utsette for krenkande ord og handlingar korkje frå medelevar eller lærarar. Krenkande ord og handlingar kan til dømes vere mobbing, vald, rasisme og utestenging. Det kan òg vere enkeltstående ytringar om til dømes utsjånad eller funksjonshemmingar. Det er korleis eleven opplever orda eller handlingane, som avgjer om dei er krenkande. Regelverket for det psykososiale miljøet finn du i opplæringslova § 9a-3.

Alle tilsette på skolen har plikt til å reagere dersom dei får kunnskap eller mistanke om at elevar blir utsette for dette. Dei skal undersøkje saka, varsle skoleleiinga og om nødvendig sjølve gripe direkte inn. Skoleleiinga har plikt til å utarbeide planar mot krenkingar. Leiinga skal òg sjå til at rutina ved skolen er så gode at eventuelle krenkingar blir oppdaga raskt. Dei skal òg syte for at tiltaka for å rydde opp i slike utfordringar er effektive.

## 2.2 Korleis kan utvalet medverke til å skape eit godt skolemiljø på DYKKAR skole?

### Godt skolemiljø

Skolemiljøutvalet bør *drøfte og definere kva som er eit godt skolemiljø på dykkar skole*. Så bør utvalet prioritere kva for tiltak som skal setjast i verk for å oppnå eit godt skolemiljø, og korleis de vil gå fram for å få sett tiltaka ut i livet. Utvalet bør òg vurdere eigne planar for eit godt skolemiljø undervegs. Dersom planane ikkje fungerer, bør de finne andre tiltak. Til slutt bør de evaluere om måla vart oppnådde.

### Godt fysisk miljø

Skolemiljøutvalet har eit særleg ansvar for å *følgje med på at skolen er i tråd med styremaktene sine krav til det fysiske miljøet*.

Skolemiljøutvalet har rett til å be om å få sjå dokumentasjon frå skolen om det systematiske arbeidet for helse, miljø og tryggleik. Til dømes skal ei oversikt over det fysiske skolemiljøet vise korleis luftkvaliteten i dei enkelte klasseromma er, og om uteområda er eigna til leik og fysisk aktivitet for alle elevane. Ei oversikt kan gjelde konkrete fysiske tilhøve eller langsiktige planar for det fysiske miljøet på skolen.

### Godt psykososialt miljø

Skolemiljøutvalet skal òg følgje med på at skolen har skriftlege planar for det psykososiale miljøet, og at dei blir følgde opp i praksis. Skolemiljøutvalet kan be om å få



sjå dei planane skolen har. Ei oversikt over det psykososiale miljøet skal til dømes innehalde ei kartlegging av om elevar blir utsette for vald, mobbing eller utestenging frå fellesskapet av andre elevar eller lærarar. Oversikta skal òg vise kva for planar skolen nyttar for å førebyggje, avdekkje, hindre og handtere krenkande åtferd. Det er òg naturleg at skolemiljøutvalet deltek når skolen lagar strategiar mot mobbing og annan krenkande åtferd, og undervisningsopplegg som gjeld det psykososiale miljøet på skolen.

#### Ordensreglement

Skolemiljøutvalet bør vurdere *kva for åtferd hos elevane som er akseptabel, og kva for åtferd som skal få konsekvensar*. De bør òg sjå på kva for konsekvensar som er rimelege og svarar til det eleven har gjort. Det er særleg elevane som merkar skolemiljøet på kroppen, og som opplever dei fysiske og psykiske konsekvensane av eit dårleg skolemiljø. Det er derfor viktig å høyre kva elevrepresentantar meiner er ønskt og uønskt åtferd.

#### Trivselstiltak

Skolemiljøutvalet kan *foreslå trivselstiltak* som kan komme elevane til gode. Elevane skal ha eit miljø som fremjar trivsel. Utvalet kan arbeide førebyggjande for at elevane skal få auka trivsel.

#### Brukarundersøkingar

Skolemiljøutvalet kan i tillegg ta *initiativ til å følgje opp resultatata frå brukarundersøkingar*, slik som Elevundersøkinga og Foreldreundersøkinga. Elevundersøkinga er

ei nettbasert spørjeundersøking der elevane kan gi si vurdering av skolen. Føremålet med Elevundersøkinga er at elevane kan seie si meining om tilhøve som er viktige for å lære og for å trivjast på skolen. Foreldreundersøkinga er foreldra si vurdering av skolen.

#### Be om tiltak for å betre tilhøva ved skolen

Skolemiljøutvalet kan be om tiltak for å betre tilhøva ved skolen. Tiltaka kan gjelde planar og system på skolen, eller utfordringar ved skolemiljøet til ei gruppe elevar, klassemiljøet eller skolemiljøet.

Utvalet bør vere mest mogleg konkret når de ber om tiltak. De bør gjere det så klart som mogleg kva som er problemet, og eventuelt kva for tiltak de ønskjer. Dersom de ikkje kan avgjere kva for tiltak skolen bør setje inn, er det nok at utvalet har lagt fram problemet. Da overlèt de til skolen eller skoleeigaren å vurdere kva for tiltak som i første omgang er best eigna til å løyse utfordringa.

Utdanningsdirektoratet har laga ein mal for korleis utvalet kan be skolen om å setje i gang tiltak. Malen kan de laste ned på [www.udir.no/skolemiljoutvalg](http://www.udir.no/skolemiljoutvalg)

## 2.3 Kva for oppgåver har ikkje eit skolemiljøutval?

Skolemiljøutvalet skal mellom anna ikkje ha oppgåver knytte til:

- organisasjonsplan
- verksemdsplan
- forslag til budsjett
- skolevurdering
- fritidsaktivitetar

#### Regelverket for grunnskolar og vidaregåande skolar

Skolemiljøutvalet skal medverke til at skolen, dei tilsette og elevane tek aktivt del i arbeidet for å skape eit godt skolemiljø. På grunnskolen gjeld dette også foreldra.

Skolemiljøutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skolemiljøet, sjå kapittel 9a.

(opplæringslova § 11-1a og § 11-5a)





## 3. Samansetjing av skolemiljøutvalet

### 3.1 Grunnskolen

Skolemiljøutvalet i grunnskolen skal bestå av representantar for

- elevane
- foreldrerådet
- tilsette på skolen
- skoleleiinga
- kommunen

I grunnskolen skal representantane for elevane og foreldra til saman alltid vere i fleirtal i skolemiljøutvalet. Det vil seie at dersom dei tilsette på skolen, kommunen og skoleleiinga er representerte med éin person kvar, må det vere minst to representantar for elevane og to representantar for foreldra. Dersom dei tilsette på skolen, i kommunen og skoleleiinga er representerte med fleire enn éin frå kvar gruppe, må det vere fleire som representerer elevar og foreldre.

I ein del kommunar er det oppretta driftsstyre ved skolane. Skolar som har driftsstyre, må i tillegg opprette eigne skolemiljøutval. Driftsstyret kan ikkje fungere som skolemiljøutval.

#### **3.1.1 SAMARBEIDSUTVALET SOM SKOLEMILJØUTVAL**

Fleire skolar vel å bruke samarbeidsutvalet som delar av skolemiljøutvalet. Det er mogleg, men i samarbeidsutvalet er ikkje elevar og foreldre i fleirtal. Derfor må det oppnemnast fleire representantar frå desse gruppene i skolemiljøutvalet. Møta i samarbeidsutvalet og møta i skolemiljøutvalet bør vere klart åtskilde, og dei skal til dømes ha separate referat. De kan velje å leggje møta i skolemiljøutvalet rett før eller etter møta i samarbeidsutvalet.



### 3.1.2 SAKER SOM ER OMFATTA AV LOVFESTA TIEPLIKT

Dersom skolemiljøutvalet skal behandle saker som er omfatta av lovfesta tieplikt, skal ikkje elevrepresentantane vere til stades. Når elevane ikkje er til stades, skal anten foreldrerepresentantane ha dobbeltstemme som tilsvarar stemmene til elevane, eller utvalet blir utvida med fleire foreldre. Dersom til dømes to elevar må forlate møtet når de behandlar ei sak som er omfatta av lovfesta tieplikt, skal anten to foreldrerepresentantar ha dobbeltstemme, eller så må utvalet utvidast med to foreldre. Foreldrerådet avgjer om den eine eller den andre løysinga skal nyttast.

Saker som kan vere omfatta av lovfesta tieplikt, er saker med opplysningar om personlege tilhøve til ein eller annan. Det går fram av forvaltningslova § 13. Personlege tilhøve til ein eller annan er til dømes kven som føler seg utsett for krenkande ord eller handlingar, kven som utset nokon for krenkande ord eller handlingar, og kven som ber skolen setje i verk tiltak. Skolemiljøutvalet kan avgjere at medlemmene skal underteikne ei erklæring om tieplikt for å gjere alle meir bevisste på det ansvaret dei har.

Skoleleiinga kan ikkje dele tiepliktige opplysningar med skolemiljøutvalet. Det

er derfor sjeldan at skolemiljøutvalet behandlar saker som er omfatta av tieplikt.

### 3.1.3 VAL AV MEDLEMMER

Kommunen, foreldrerådet, dei tilsette på skolen og skoleleiinga vel sjølv sine medlemmer til skolemiljøutvalet. Kommunen avgjer korleis elevane skal velje sine representantar til skolemiljøutvalet. Elevane sine skolemiljørepresentantar har rett til opplæring og fritak frå undervisningstimar når det er nødvendig for å utføre oppgåvene sine. Det går fram av opplæringslova § 9a-5. Skolemiljøutvalet avgjer sjølv kven som skal vere leiar, nestleiar og sekretær i utvalet.

### 3.1.4 REKTORS ROLLE

I utvalet skal det sitje minst éin frå skoleleiinga. Representanten for skoleleiinga kan vere rektor, men det må ikkje vere det. Rektor treng heller ikkje å vere leiar for skolemiljøutvalet.

Rektor er skoleleiar, og er den som skal ta imot råda frå utvalet. Rektor har det overordna ansvaret for at skolen oppfyller krava i lova om eit godt fysisk og psykososialt miljø.

### 3.1.5 KVA DERSOM REPRESENTANTAR IKKJE MØTER?

For at utvalet skal vere lovleg samansett, må representantar frå alle gruppene møte.

Elevar, foreldre, kommunen, skoleleiinga og tilsette på skolen må vere til stades. Foreldre og elevar må framleis vere i fleirtal. Dei ulike gruppene i skolemiljøutvalet kan ha vararepresentantar, som kan steppe inn ved behov.

#### **Regelverket for grunnskolar**

**Samarbeidsutvalet kan sjølv vere skolemiljøutval. Når samarbeidsutvalet fungerer som skolemiljøutval, må det oppnemnst tilleggrepresentantar for elevane og foreldra, slik at dei samla får fleirtal.**

Elevrepresentantane skal ikkje vere til stades når skolemiljøutvalet behandlar saker som er omfatta av lovfesta tieplikt. Når elevane ikkje er til stades, skal foreldrerepresentantane ha dobbeltstemme tilsvarande bortfallet av stemmene til elevrepresentantane, eller talet på foreldrerepresentantar må aukast tilsvarande.

(opplæringslova § 11-1a)



## 3.2 Vidaregåande skole

Skolemiljøutvalet i den vidaregåande skolen skal bestå av representantar for

- elevane
- tilsette på skolen
- skoleleiinga
- fylkeskommunen

I den vidaregåande skolen skal representantane for elevane alltid vere i fleirtal i skolemiljøutvalet. Det inneber at det må vere minst fire representantar for elevane i skolemiljøutvalet. Dersom dei tilsette på skolen, fylkeskommunen og skoleleiinga er representerte med fleire enn éin frå kvar gruppe, må det vere fleire som representerer elevane.

### 3.2.1 SKOLEUTVALET SOM SKOLEMILJØUTVAL

Fleire skolar vel å bruke skoleutvalet som delar av skolemiljøutvalet. Det er mogleg, men i skoleutvalet er ikkje elevane i fleirtal. Derfor må elevrådet oppnemne fleire representantar for elevane til skolemiljøutvalet. Møta i skoleutvalet og møta i skolemiljøutvalet må vere klart åtskilde, og dei skal til dømes ha separate referat.

### 3.2.2 OGSÅ ELEVANE HAR TIEPLIKT

Elevar i skolemiljøutval i vidaregåande skole kan delta ved behandlinga av saker som er omfatta av teieplikt. Det inneber at reglane i forvaltningslova om teieplikt gjeld for elevrepresentantane på same måten som for dei andre representantane i skolemiljøutvalet.

Saker som kan vere omfatta av lovfesta teieplikt, er saker med opplysningar om personlege tilhøve til ein eller annan. Det går fram av forvaltningslova § 13. Personlege tilhøve til ein eller annan er til dømes kven som føler seg utsett for krenkande ord eller handlingar, kven som utset nokon for krenkande ord eller handlingar, og kven som ber skolen setje i verk tiltak. Skolemiljøutvalet kan avgjere at medlemmene skal underteikne ei erklæring om teieplikt for å gjere alle meir bevisste på det ansvaret dei har.

Skoleleiinga kan ikkje dele teiepliktige opplysningar med skolemiljøutvalet. Det er derfor sjeldan at skolemiljøutvalet behandlar saker som er omfatta av teieplikt.

### 3.2.3 VAL AV MEDLEMMER

Dersom samarbeidsutvalet ikkje skal vere skolemiljøutval, vel fylkeskommunen, elevrådet, dei tilsette på skolen og skoleleiinga sjølv sine medlemmer til skolemiljøutvalet. Skolemiljørepresentantane for elevane har rett til å få opplæring og fritak frå dei undervisningstimane som dei treng for å utføre oppgåvene sine. Det går fram av opplæringslova § 9a-5. Skolemiljøutvalet avgjer sjølv kven som skal vere leiar, nestleiar og sekretær i utvalet.

### 3.2.4 REKTORS ROLLE

I utvalet skal det sitje minst éin frå skoleleiinga. Representanten for skoleleiinga kan vere rektor, men det må ikkje vere det. Rektor treng heller ikkje å vere leiar for skolemiljøutvalet.

Rektor er skoleleiar, og er den som skal ta imot råda frå utvalet. Rektor har det overordna ansvaret for at skolen oppfyller krava i lova om eit godt fysisk og psykososialt miljø.

### 3.2.5 KVA DERSOM REPRESENTANTAR IKKJE MØTER?

For at utvalet skal vere lovleg samansett, må representantar frå alle gruppene møte. Elevar, fylkeskommunen, skoleleiinga og tilsette på skolen må vere til stades. Elevane må framleis vere i fleirtal. Dei ulike gruppene i skolemiljøutvalet kan ha vararepresentantar, som kan steppe inn ved behov.

#### **Regelverket for vidaregåande skolar**

Skoleutval kan sjølv vere skolemiljøutval. Når skoleutvalet fungerer som skolemiljøutval, må det oppnemne fleire tilleggsrepresentantar for elevane, slik at dei får fleirtal.

(opplæringslova § 11-5a)

## 4. Skolemiljøutvalet sin rett til å få informasjon



### 4.1 Når skal skoleleiinga informere skolemiljøutvalet?

Rektor eller ein frå skoleleiinga skal løpande informere skolemiljøutvalet i saker som gjeld det fysiske eller psykososiale skolemiljøet. Unntaket er saker som er unntekne det offentlege. Saker om det fysiske skolemiljøet kan vere alt frå reinhald eller inneklima til trygg skoleveg. Saker om det psykososiale miljøet kan til dømes vere resultatet av Elevundersøkinga eller skolens handlingsplanar for det psykososiale skolemiljøet. Skolen skal halde utvalet løpande informert om hendingar,

planar og vedtak. Skolen skal òg orientere dykk om anna som har vesentleg betydning for skolemiljøet. Det går fram av opplæringslova § 9a-6.

Skolemiljøutvalet skal dessutan takast med i planlegging og gjennomføring av miljøtiltak ved skolen så tidleg som mogleg. Dersom utvalet ber om det, skal skoleleiinga informere om det systematiske helse-, miljø- og tryggleiksarbeidet ved skolen.

#### **Regelverk om skolen si plikt til å informere skolemiljøutvalet**

Skolemiljøutvalet skal haldast løpande underretta om alle tilhøva som har vesentleg betydning for skolemiljøet, mellom anna hendingar, planar og vedtak. Utvalet har på førespurnad rett til å få lagt fram dokumentasjon for det systematiske helse-, miljø- og tryggleiksarbeidet ved skolen.

Skolemiljøutvalet skal så tidleg som mogleg takast med i planlegginga og gjennomføringa av miljøtiltak ved den enkelte skolen, og har rett til å uttale seg og komme med framlegg i alle saker som har betydning for skolemiljøet.

Dersom skolen blir klar over tilhøve ved skolemiljøet som kan ha negativ verknad for helsa til elevane, skal elevane og dei føresette varslast snarast mogleg.

(opplæringslova § 9a-6)

### 4.2 Kva for saker om elevane sitt skolemiljø kan skolen ikkje informere om?

At ein førespurnad er unnteken det offentlege, inneber at skolen berre kan fortelje om saka til dei som må vite om saka for å medverke til å løyse ho. Saker som handlar om personlege tilhøve til ein eller annan, er unntekne det offentlege. Det går fram av forvaltningslova § 13. Skoleleiinga kan ikkje leggje desse sakene fram for skolemiljøutvalet. Dersom det til dømes er ei mobbesak på skolen, kan ikkje skolen fortelje skolemiljøutvalet om kven som mobber, kven som blir mobba, eller kven som ber om at det blir sett i gang tiltak.

Dersom det ikkje kan føre til at nokon forstår kva for personar som er involverte (indirekte identifisering), kan skolen fortelje at dei har fått ei oppmoding om tiltak eller ein klage, og at dei vil setje i gang tiltak. Som hovudregel kan ikkje skolen fortelje utvalet kva for tiltak som blir sette i verk i den konkrete saka. Dersom tiltaka vil ha følgjer for alle elevane på skolen, kan skolen likevel fortelje kva for tiltak som blir sette i verk. Skolen kan alltid fortelje korleis dei handterer til dømes mobbesaker på generelt grunnlag.



## 5. Døme på eit godt utvikla skolemiljøutval

I dette kapitlet kan representantane i skolemiljøutvalet hente inspirasjon til korleis de kan arbeide for eit godt skolemiljø på dykkar skole. Kapitlet er berre eit forslag, og korleis de skal jobbe, står ikkje i regelverket.

### 5.1 Presentasjon og opplæring

Utdanningsdirektoratet har laga nokre presentasjonar om skolemiljøutval for foreldre og elevar og opplæring for representantar i skolemiljøutvalet. Dei kan de laste ned på <http://www.udir.no/Laringsmiljo/Skolemiljoutvalg/Presentasjoner/>

### 5.2 Korleis ta vare på kunnskap i skolemiljøvalet?

Nyvalde representantar til skolemiljøutvalet fungerer som hovudrepresentantar i eitt skoleår – frå august til juni. Deretter fungerer dei som vararepresentantar og mentorar i neste skoleår – frå august til juni.

Vararepresentantane kan gi råd og rettleiing som mentorar til hovudrepresentantane. Ei mentorordning kan gi skolen glede av utvalsrepresentantar som har god kunnskap om kva utvalet skal gjere, og korleis de kan arbeide for eit best mogleg skolemiljø.

### 5.3 Organisering av skolemiljøutval – døme på årshjul, møtekalender, sakliste for møta og oppgåver

#### Det første møtet i skolemiljøutvalet – SEPTEMBER

Rektor innkallar representantar og vararepresentantar til det første møtet. Representantane avgjer kven som skal vere leiar, nestleiar og sekretær for utvalet.

#### Forslag til sakliste:

- informasjon frå rektor og/eller leiaren av utvalet om oppgåver, rettar, sjekklister og saker utvalet kan arbeide med og uttale seg om
- utdeling av rettleiar om skolemiljøutval til nye representantar
- mentorane gir rettleiing og deler erfaringar frå det førre skoleåret
- lage møtekalender
- lage årshjul
- skrive referat

---

## Det andre møtet i skolemiljøutvalet – OKTOBER

### Forslag til sakliste:

- definere kva representantane meiner kan gi eit betre skolemiljø på deira skole
- prioritere kva for oppgåver utvalet skal arbeide med, og lage skriftlege planar for arbeidet – døme på oppgåver er nemnde i punkt 2.2 i rettleiaren
  - godt skolemiljø
  - godt fysisk miljø
  - godt psykososialt miljø
  - ordensreglement
  - trivselstiltak
  - brukarundersøkingar
  - be om tiltak dersom det er brot på opplæringslova eller forskrifter
- avgjere korleis utvalet skal arbeide med oppgåvene – til dømes korleis utvalet skal hente inn informasjon frå skolen, kven dei skal spørje, kor ofte dei skal spørje, osv.
- fordele oppgåver mellom representantane – til dømes kven som har ansvar for å undersøkje om skolen har planar om mellom anna det fysiske skolemiljøet, kven som har ansvar for å følgje opp tiltak som blir behandla i utvalet, osv.
- skrive referat

---

## Det tredje møtet i skolemiljøutvalet – NOVEMBER

### Forslag til sakliste:

- diskutere nye saker
- følgje opp tiltak – kva har skolen gjort? Kva kan utvalet gjere vidare?
- førebu halvårsrapport for skolemiljøutvalet
- skrive referat

---

## Det tredje møtet i skolemiljøutvalet – DESEMBER

Stort møte med skolemiljøutvalet, elevrådet, FAU (grunnskolen), skolen og andre interesserte der skolemiljøutvalet presenterer ein halvårsrapport for skolemiljøutvalet.

Halvårsrapporten kan innehalde:

- kva utvalet har definert som vesentleg for eit godt skolemiljø
- kva for oppgåver skolemiljøutvalet har prioritert
- status for skolen i arbeidet for eit godt skolemiljø – om skolen har tilfredsstillande skriftlege planar for det fysiske miljøet og det psykososiale miljøet, kva resultatata frå brukarundersøkingar på skolen viser, osv.
- kva utvalet vil arbeide vidare med

Dei som deltek på møtet, kan komme med forslag til kva skolemiljøutvalet kan arbeide med.

---

## Det fjerde møtet i skolemiljøutvalet – JANUAR

### Forslag til sakliste:

- gjere eventuelle endringar i oppgåver og vurdere arbeidsfordelinga internt i utvalet
- følgje opp tiltak som er behandla i utvalet
- skrive referat

---

## Det femte møtet – FEBRUAR

### Forslag til sakliste:

- diskutere nye saker
- følgje opp tiltak som er behandla i utvalet
- vurdering av arbeidet i utvalet
  - Har utvalet klare kriterium for kva som blir sett på som vesentleg for skolemiljøet?
  - Blir utvalet informert om saker knytte til skolemiljøet?
  - Blir utvalet informert om resultatata frå Elevundersøkinga og eventuelle andre brukarundersøkingar?
  - Blir utvalet involvert ved evaluering av planar og program som blir brukte for å skape eit godt skolemiljø?
  - Blir utvalet høyrte av skolen?
  - Har utvalet bedt om enkeltvedtak dersom utvalet har meint at skolen bryt lov eller forskrift?
- skrive referat

---

## Det sjette møtet – MARS

### Forslag til sakliste:

- diskutere nye saker
- følgje opp tiltak som er behandla i utvalet
- møte med vaktmeister, helsesøster og verneombod – på kva måte kan dei medverke til eit godt skolemiljø?
- skrive referat

---

## Det sjuande møtet – APRIL/MAI

### Forslag til sakliste:

- diskutere nye saker
- følgje opp tiltak som er behandla i utvalet
- få informasjon av skoleleiinga om plassen til skolemiljøutvalet i skolens plan og budsjett for neste skoleår
- førebu årsrapport for skolemiljøutvalet
- skrive referat

---

## Det åttande møtet – JUNI

Stort møte med skolemiljøutvalet, elevrådet, FAU (grunnskolen), skolen og andre interesserte der skolemiljøutvalet presenterer ein ny årsrapport for skolemiljøutvalet.

Årsrapporten kan innehalde:

- kva utvalet har definert som vesentleg for eit godt skolemiljø
- kva for oppgåver skolemiljøutvalet har prioritert og eventuelle endringar frå halvårsrapporten
- status for skolen i arbeidet for eit godt skolemiljø – har skolen tilfredsstillande, skriftlege planar for det fysiske miljøet, det psykososiale miljøet, kva er resultatata frå brukarundersøkingar på skolen, osv.
- kva utvalet vil arbeide vidare med
- kva for erfaringar utvalet har gjort i året som har gått
- appell om å delta i skolemiljøutvalet neste skoleår
- dei som deltek på møtet, kan komme med forslag til kva skolemiljøutvalet kan arbeide med



## 6. Ressursar

Dette er nokre nyttige vegar vidare, dersom de i utvalet vil setje dykk meir inn i kva for lover og reglar som gjeld for elevane sitt fysiske og psykososiale skolemiljø. Lovene finn du på [www.lovdatab.no](http://www.lovdatab.no).

### Psykososialt miljø

- Opplæringslova kapittel 9a
- Opplæringslova kapittel 11
- Forvaltningsloven
- Rundskriv Udir-2-2010 Retten til et godt psykososialt miljø etter opplæringsloven kapittel 9a, *Utdanningsdirektoratet*
- Veileder til opplæringsloven kapittel 9a, *Kunnskapsdepartementet*
- Veilederen Arbeid mot mobbing, *Utdanningsdirektoratet*
- Elevbrosjyre og foreldrebrojyre om elevane sitt skolemiljø, *Utdanningsdirektoratet*
- Materiell for helhetlig arbeid med læringsmiljøet, *Utdanningsdirektoratet*
- Instruks for felles nasjonalt tilsyn 2010 og 2011, *Utdanningsdirektoratet*
- Elevundersøkelsen 2011 – analyse av mobbing, uro og diskriminering, *Utdanningsdirektoratet*

### Fysisk miljø

- Kommunehelsetjenesteloven, kapittel 4a Miljørettet helsevern
- Arbeidsmiljøloven med forskrift
- Plan- og bygningsloven med forskrift
- Produktkontrollloven
- Brann- og eksplosjonsvernloven
- EI-tilsynsloven
- Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler mv.
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften), med veileder
- Forskrift om sikkerhet ved lekeplassutstyr
- Forskrift om vern mot støy på arbeidsplassen
- Materiell for helhetlig arbeid med læringsmiljøet, *Utdanningsdirektoratet*
- Veileder til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.
- Veiledning for et bedre fysisk innemiljø på skolen, *Elevorganisasjonen, Barneombudet og Norsk Forum for Bedre Innemiljø for Barn (NFBIB)*

Schweigaards gate 15 B  
Postboks 9359 Grønland  
0135 OSLO  
Telefon 23 30 12 00  
[www.undervisningsdirektoratet.no](http://www.undervisningsdirektoratet.no)